

Skule:	Trinn:	Elevnummer	Kjønn:	Det første språket du lærte:
e	7	p 715	jente ☐ gut ☒	norsk ☒ anna ☐

Tenk deg at du og familien din har flykta frå eit land til Noreg. Skriv eit brev til besteforeldra dine eller til ein ven i landet du kom frå, og fortel korleis du har det og korleis det er i Noreg.

Kjære Peter LaFarr

Eg trur at dåke sarnar meg, det er kalt her og eg har fått nye venner. Ein av vennene eg har fått er til og med ein person som budde der eg budde! Kvordan er det heime no? Eg veit at det sikkert er varmt og godt der, men er det fredelegare? Dei seier i fjø så mjøkje på TV. Eg sarnar maten! Der heime hadde me heimabaga mat, men her er børrve hermetikk og pose-mat. Men det er så mjøkje børrve her enn heime! God og børrart natur, raude og grønne blommar, ingen skyte-lydar, ingenting å bekymra seg for. Eg går på skule og har ikkje heimearbeid ennå. Men det er litt irriterande at dei heile tiden tvinger

meg til å lære norsk. Me snakkar heimlandsspråket
heime. Eg har begynt å spele fotball med
EK/E-bollar! ikkje slike kledebollar. Det
luktar godt her i Noreg! ikkje røyk eller bly.
Det er så fint her. Dake børre MA komme
og bu her! Ingen tortølgingskudd, opprør, sult,
dårlege luktar og fattigdom! Dei har sønne
kule datamaskinar på skulane med noko som
kallast for "Internett!". Der kan du sjå filmar
spela spel og lære ting. Eg føler meg så rik
her i Noreg at dake sikkert aldri ville ha trudd
meg når eg seier at me har fått oss ny bil og
datamaskin med sønn "Internett!". Som eg fortalde
om lenger oppe i brevet. Det er så fint, godt,
luksus og venneleg her at dake må komma her!

Helsing J